



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
14.09.2015
Dykkar dato
18.06.2015

Vår referanse
2015/11907 331.5
Dykkar referanse
12/388

Finansdepartementet,
Postboks 8008 Dep.,
0030 Oslo

Høyring om eigedomsskatt på arbeidsmaskinar i verk og bruk

Fylkesmannen vil gi ei høyringsuttale i samband med framlegg til endringar i eigedomsskattelova.

Arbeidsmaskinar m.m. i næringsseigedomar kategorisert som verk og bruk inngår i berekningsgrunnlaget for eigedomsskatt, når dei blir vurderte å vere «ein part av sjølvføretaket». For andre næringsseigedomar enn verk og bruk blir det ikkje skriva ut eigedomsskatt på arbeidsmaskinar.

Det er framlegg om endringar i regelen om eigedomsskatt på arbeidsmaskinar m.m. i verk og bruk. Det er to alternativ til endringar:

1. Produksjonsutstyr og installasjonar blir fritekne for eigedomsskatt
2. Verk og bruk går ut som eigen kategori og slike eigedomar blir skattlagt som næringsseigedom

Framlegga til endringar vil ikkje ha konsekvensar for eigedomsskatt på vasskraftanlegg. Kraftlinjer og vindkraftanlegg er omfatta av framlegget og vil bli fritekne for eigedomsskatt, dersom framlegga til endringar blir vedtekne.

Fylkesmannen har utarbeidd eit oversyn over konsekvensane av framlegga til endring i reglane for eit utval av kommunane i fylket. Oversynet er ikkje fullstendig og tala for inntektsbortfall vil vere omtrentlege. Det er ikkje teke omsyn til at framtidig inntektsbortfall kan bli større som følge av ny utbygging, det vil seie eit auka berekningsgrunnlag i dei komande åra.

Overslaga byggjer på noverande skattesats. Kommunane i utvalet har alle sju promille skattesats på verk og bruk med følgjande unntak:

1. Bergen kommune har i år fem promille skattesats på verk og bruk
2. Stord kommune har i år fire promille skattesats på verk og bruk
3. Fitjar kommune har i år seks promille skattesats på verk og bruk.

For Fitjar kommune er beløp for inntektsbortfall frå vindkraftanlegg berre ein illustrasjon på kor stort tapet ville ha vore dersom slike anlegg blir fritekne for eigedomsskatt. Fitjar kommune har ein spesialavtale med Midt fjellet vindkraft om at kommunen skal ha vidareført den same inntekta også om eigedomsskatten blir teken bort frå vindkraftanlegg.

A : inntektstap på kraftlinjer

B : inntektstap på telenett, breiband m.m.

C : inntektstap på maskinar og utstyr

D : inntektstap på vindkraftanlegg

i mill. kr.	samla årleg inntektstap	av dette på :			
		A	B	C	D
Bergen	25,0	12,2	5,4	7,4	0
Stord	3,9	2,3	0,5	1,1	0
Fitjar	9,0	0,7	0,1	0,1	8,1
Odda	6 - 6,5				
Ullensvang	0,8	0,7	0,2	0,0	0
Granvin	1,8	1,4	0,1	0,3	0
Voss	3,5	2,5	0,75	0,25	0
Kvam	5,3	4,0	0,7	0,6	0
Osterøy	1,5	1,3	0,1	0,1	0
Meland	1,6	1,1	0,1	0,4	0
Øygarden	117,5	3,1	0,2	114,2	0
Radøy	0,8	0,7	0,1	0,0	0
Lindås	155,8	3,6	0,4	151,8	0
Austrheim	8,5	1,0	0	7,5	0

For dei aller fleste kommunane vil inntektstapet vere størst av å ta kraftlinjer ut av eigedomsskattegrunnlaget. Det vil med andre ord vere den delen av framlegget til endring i eigedomsskatteleva som har størst negativ økonomisk konsekvens for det store fleirtalet av kommunane.

Kommunar med vindkraftutbygging kan få betydelege inntektstap av ei lovendring, dersom dei ikkje har inngått eigen avtale med kraftprodusent. Fitjar kommune har som nemnd sikra inntektene frå vindkraftanlegg. Det vil difor førebels ikkje vere kommunar i vårt fylke som får økonomisk tap i denne samanheng.

Både kraftlinjer og vindkraftanlegg inneber betydelege naturinngrep lokalt i kommunar. På den andre sia bidreg desse investeringane til miljøvenleg og fornybar energi for samfunnet, som er viktig i lys av behovet for å bremsa klimagassutslepp og global oppvarming. Kommunane bør få behalde eigedomsskatteinntekter frå både kraftlinjer og vindkraftanlegg som ein kompensasjon for lokale inngrep i naturen i samband med slik utbygging. Når kommunane får behalde eigedomsskatteinntektene, vil innbyggjarane få ein kompensasjon for naturinngrep gjennom gode kommunale tenester.

Det er viktig å halde fram med utbygginga av vindkraftanlegg for å auka produksjonen av miljøvenleg og fornybar energi. Dersom vindkraftanlegg blir fritakne for eigedomsskatt, vil kommunane ikkje lenger ha nokon eigen økonomisk interesse i slik utbygging. Resultatet kan bli at utbygginga av vindkraftanlegg stoppar opp.

Endring i eigedomsskattelova vil ikkje ha økonomiske konsekvensar knytte til vasskraftanlegg. Vurderinga vår er at det heller ikkje bør bli gjort endring i lova knytt til kraftlinjer og vindkraftanlegg.

Framlegga til endring inneber at eigedomsskatt også blir teken bort for andre infrastruktur-anlegg som telenett og breiband med meir. Vi vil gå inn for at det også i framtida vil kunne vere eigedomsskatt på desse objekta. Utbygginga av slik infrastruktur er viktig med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap. Når det er eigedomsskatt på desse objekta, vil kommunane ha ein økonomisk interesse knytt til utbygging.

Framlegga til lovendring inneber at maskinar og utstyr kan bli tekne ut av berekningsgrunnlaget for eigedomsskatt.

For to av kommunane i fylket, Lindås og Øygarden, inneber denne delen av framlegga til endring i eigedomsskattelova svært store inntektsbortfall. Dette er kommunar med industri-anlegg i samband med petroleumsnæringa. Nesten heile inntektstapet for desse kommunane vil vere knytt til den delen av lovframlegget som tek maskinar og utstyr ut av eigedomsskattegrunnlaget. Dei økonomiske konsekvensane av denne delen av framlegget vil med andre ord vere svært negative for dei kommunane som har store industrianlegg.

Vi er samde i at det er for store skilnader i inntektene mellom kommunar som Lindås og Øygarden og på den andre sia kommunar som ikkje har slike ekstraordinære eigedomsskatteinntekter. Eit inntektsbortfall i det nemnde omfang vil likevel få dramatiske følgjer for tenestetilbodet til innbyggjarane i dei aktuelle kommunane. Kommunane har tilpassa sine tenester til eit høgt inntektsnivå over tid og det vil vere umogleg å redusere tenestene i tilstrekkeleg stor grad på kort sikt.

Vurderinga vår er likevel at kommunane sine eigedomsskatteinntekter for maskinar og utstyr bidreg til for store inntektskilnader mellom kommunane. Vi er difor positive til regelendringar med omsyn til eigedomsskatt for maskinar og utstyr som kan gi større inntektsutjamning mellom kommunane.

Det vil vere nødvendig med betydeleg kompensasjon for inntektsbortfallet til dei aktuelle kommunane. Kompensasjon må bli gitt over ein lang tidsperiode dersom endringane i lova knytte til maskinar og utstyr skal bli innført.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann